



Statens vegvesen

Norconsult AS – Bergen
Postboks 1199
5811 BERGEN

Fritjof Stangnes

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Guri Finne Sognnæs / 56520284

Vår referanse:
17/145345-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.10.2017

Statens vegvesen sin uttale til oppstart av planarbeid – detaljreguleringsplan for delar av gnr 208, 209, 210, 216, 217 og 224 Fjelbergsambandet, Kvinnherad kommune, PlanID 1224 20170006

Syner til dykkar oversending motteke 04.09.2017, samt anna kommunikasjon via e-post og møter.

Statens vegvesen uttaler seg med bakgrunn i rolla som vegadministrasjon for fylkeskommune i fylkesvegsaker, samt statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for mjuke trafikantar, universell utforming og miljølempar knytt til veg- og vegtrafikk.

Me uttaler oss til oppstart av planarbeid – detaljreguleringsplan for delar av gnr 208, 209, 210, 216, 217 og 224 Fjelbergsambandet, samt offentleg ettersyn av planprogram. Statens vegvesen sine hovudinteresser er knytt til den planlagde utbygginga av fylkesveg (fv.) 62, men kjem også med råd knytt til våre sektoransvar (sjå avsnitt over).

Formålet: Formålet er å forbetra sambandet mellom dei to Fjelbergøyene (Fjelbergøy og Borgundøy) og Halsenøy. Dette har i lengre tid vore eit ynskje i Kvinnherad kommune, ettersom det vil betra tilhøvet for kommunikasjon, tryggleik, ulike tenestetilbod, sysselsetting og busetting i dette området.

Våre merknader:

- I planprogrammet er det opplyst at delar av føremålet med planen er å betra tilhøvet for sysselsetting og busetting i området. Statens vegvesen saknar meir informasjon om kva framtidige interesser kommunen har for Fjelbergøyene.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Val av dimensjoneringsklasse for den nye vegen bør i stor grad bygge på den lokale og regionale utviklinga av Fjelbergsambandet. Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har likevel hatt ein dialog med kommunen og utførande konsulent angående val av dimensjoneringsklasse. Me har i samhandling med fylkeskommunen kome fram til at den riktige klassen er Sa3 i samsvar med handboka N100, men at det er tilstrekkeleg med eit køyrefelt og eit sideareal på 1,5 m med tilrettelegging for mjuke trafikantar. Denne avgjersla grunnar i omsyn til viktige kulturminner og andre landskap- og naturomsyn.

Minner elles om at det må søkast om fråvik for dei ulike krava ved Sa3-klassen som det ikkje er mogleg å fylgje opp. Dette gjeld også krav til stigning, radius osv.

Trafikktalet 20 år etter opninga av vegen må framskrivast. Me set pris på at trafikkanalysen vert bygd på erfaringstal frå tilsvarande fastlandssamband.

- Med omsyn til skuleskyss må fylkesvegen tilrettelegga for kollektivtrafikk. Elles må også vegen ha ei tilstrekkeleg bereevne for større køyretøy i samband varetransport og gardsdrift.
- Statens vegvesen vil uttale seg om dei ulike bruløysingane når me har tilstrekkeleg informasjon ved offentleg ettersyn.
- Me syner elles til Fylkesmannen i Hordaland sin uttale, og støttar opp om forslaget om utgreiing av fleire alternativ for kryssing av Sundnessund og ei tunnelløysing. Syner også til at Fjelbergsambandet ikkje er omtalt i regional transportplan 2018–2021, men tiltaket er nemnt i tilhøyrande invisteringsprogram under punktet som omhandlar ferjeavløysingsprosjekt.

Når reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg, vil me vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen. Me ynskjer dykk lykke til vidare med planarbeidet!

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl-Erik Nielsen
Seksjonssjef

Guri Finne Sognnæs

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL